

Protokoll

Det 44. ordinære Idrettskrinsting

Florø 9. april 2016

SAKLISTE

Opning

Helsingstalar

1.0 Konstituering

- 1.1 Godkjenning av dei frammøtte representantane.
- 1.2 Godkjenning av innkallinga.
- 1.3 Godkjenning av forretningsorden.
- 1.4 Godkjenning av saklista.
- 1.5 Val av dirigent.
- 1.6 Val av sekretærar.
- 1.7 Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen.

2.0 Årsmelding 2014-2015

3.0 Rekneskap 2014-2015

4.0 Revisjon

- 4.1 Engasjere revisor.
- 4.2 Fastsette revisor sitt honorar.

5.0 Innkomne saker

- 5.1 Lovsaker
 - 5.1.1 Endringar i Lov for Sogn og Fjordane idrettskrins som følgje av vedtak på Idrettstinget 2015.

6.0 Handlingsplan og langtidsbudsjett 2016-2020

7.0 Val

- 7.1 Idrettskrinsstyre
- 7.2 Kontrollkomite
- 7.3 Representantar til Idrettstinget
- 7.4 Valnemnd til neste Idrettskrinsting

8.0 Fråsegn

AVSLUTNING

SAKSHANDSAMING:**Opning**

Leiar Nils R. Sandal opna tinget med sin helsingstale til tinget.

Deretter vart det halde minnestund over avlidne idrettsleiarar i fylket i perioden.

Helsingstalar

Følgjande helsa deretter tinget:

- Ordførar i Flora, Ola Teigen
- Fylkesordførar Jenny Følling
- NIF v/ styremedlem Jorodd Asphjell
- Høgskulen i Sogn og Fjordane v/ Wiggo Hustad

1.0 Konstituering**1.1 Godkjenning av dei frammøtte representantane.**

Idrettskrinsstyret har kontrollert lista over fullmakter. Ved konstitueringa av tinget var det 45 representantar med røysterett.

VEDTAK: Idrettskrinstinget godkjenner fullmaktene.
Samrøystes vedteke

Organisasjon:	Namn:	
Idrettskrinsstyret		
Leiar	Nils R. Sandal	
Nestleiar	Arve Heimdal	
Styremedlem	Aud Kari Isane	
Styremedlem	Ruth-Sølvi Helland	
Styremedlem	Lilly Schøyen	
Særkrins/region		
Sogn og Fjordane Fotballkrets	Robert Endestad	
Sogn og Fjordane Fotballkrets	Britt Leni Berge	
Sogn og Fjordane Fotballkrets	Marianne Laugerud	
Sogn og Fjordane Fotballkrets	Rune Sunde	
Norges Håndballforbund Region Vest	Oddny Grete Njøten	
Norges Håndballforbund Region Vest	Morten Mortensen	
Norges Håndballforbund Region Vest	Trine Merete Vokuhl	
Sogn og Fjordane Skiskyttarkrins	Eline Fannemel	forfall
NVBF Region Sogn og Fjordane	Terje Steinar Vallestad	
NVBF Region Sogn og Fjordane	Martine Viken	
Sogn og Fjordane Gymnastikk og Turnkrets	Susanne Wilhelm	
Sogn og Fjordane Gymnastikk og Turnkrets	Aslak Holmen	forfall
Sogn og Fjordane Skikrins	Inge Fænn	
Sogn og Fjordane Skikrins	Hallvard Nygård	
Sogn og Fjordane Skikrins	Ingrid Gjerde	forfall
Sogn og Fjordane Orienteringskrins	Jan Magne Herstad	
Sogn og Fjordane Friidrettskrins	Linn Katrin Bakke	

IDRETTSKRINSTINGET 2016

9. april 2016

Sogn og Fjordane Friidrettskrins	Håkon Løseth	
Sogn og Fjordane Friidrettskrins	Tone Strømmen Kjerpeset	
Sogn og Fjordane Vektløftarkrins	Ola Bergheim	
Sogn og Fjordane Skyttarkrins	Magnar Anton Støyva	
Sogn og Fjordane Skyttarkrins	Kjell Jomar Heltne	
Sogn og Fjordane Symjekrins	Jan-Ole Haus	
Sogn og Fjordane Symjekrins	Elisabeth K. Vindfjell	
Idrettsråd		
Stryn idrettsråd	Terje Raftenvold	
Førde idrettsråd	Oddvar Huseklepp	
Førde idrettsråd	Kirstin Bruland	
Førde idrettsråd	Kari Anne Indrebø	
Flora idrettsråd	Stein Strømsnes	
Askvoll idrettsråd	Astri Thorsen Landøy	
Sogndal idrettsråd	Dina Kristine Skare Mølmen	
Sogndal idrettsråd	Christoffer Honningsvåg	
Idrettslag		
Askvoll og Holmedal idrettslag	Anne Kari Iversen	
Værlandet idrettslag	Helge Landøy	
Eid Symjeklubb	Ottar Vindfjell	
Eikefjord idrettslag	Kristen Stæger-Breisnes	forfall
Florø sportsklubb	Tore Havn	
Fjellhug/Vereide IL	Else Margrethe Larsen	
Sandane Turn og Idrettslag	Svein Kristiansen	forfall
Jølster idrettslag	Laila Tefre	
Florø Turn og Idrettsforening	Mette Gundersen	
IL Jotun	Ruth Laberg	
Hafslo idrettslag	Erna Hamrum	
Sogndal idrettslag	Cecilie Thaule Løvlid	
Studentsprett IL	Trine Ludvigsen Rygg	
Gjester		
NIF - styremedlem	Jorodd Asphjell	
Sogn og Fjordane fylkeskommune, fylkesordfører	Jenny Følling	
Sogn og Fjordane fylkeskommune, leiar hovudutval for næring og kultur	Karen Marie Hjelmeseter	
Ordfører i Flora kommune	Ola Teigen	
Sogn og Fjordane fylkeskommune, ass. fylkesdirektør for næring og kultur	Ingebjørg Erikstad	
Høgskulen i Sogn og Fjordane, dekan	Wiggo Hustad	
NIF - fagkonsulent idrett for menneske med funksjonsnedsetting	Thea Lunde Christiansen	
Sogn og Fjordane idrettskrins, klubbutviklar barne-/ungdomsidrett	Synne Aafedt Liljedahl	
Tale og forslagsrett		
Organisasjonssjef	Anne Leversund	

IDRETTSKRINSTINGET 2016

9. april 2016

Dirigent		
Dirigent	Reidar Sandal	
Valnemnd		
Leiar valnemnd	Gunnar Harstad	
Administrasjonen IK		
Fagkonsulent	Ingar Breilid	
Plan- og utviklingsleiar	Ingrid Narum	
Økonomikonsulent	Erling Benjaminsen	
Tilsette særkrins		
Sogn og Fjordane Skikrins	Yngve Thorsen	
Sogn og Fjordane Friidrettskrins	Narve Heggheim	
Gjester		
Stryn Turn og Idrettslag	Aslaug Thingnes Bø	
Stryn Turn og Idrettslag	Klemet Bø	
Svelgen Turn og Idrettsforening	Ståle Mulehamn	
Hornindal IL	Nils Haugen	
Hornindal IL	Nils Haugen (følge)	
Fjellhug/Vereide IL	Else Tystad	
	Magnhild Breilid	

1.2 Godkjenning av innkalling.

VEDTAK: Idrettskrinstinget godkjenner innkallinga.
Samrøystes vedteke

1.3 Godkjenning av forretningsorden.

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til forretningsorden:

1. Tinget vert leia av 1 valt dirigent.
Protokollen vert ført av dei valde sekretærane, som sjølv fordeler arbeidet seg i mellom.
2. Ønskjer ein representant ordet, varslar han dirigenten om det, og ordet vert gjeve etter tur. Ordet vert gjeve frå ein tilvist plass i salen.
3. På tinget kan ikkje handsamast framlegg om lovendring som ikkje er ført opp på den utsende saklista. Andre saker kan handsamast når 2/3 av dei frammøtte representantane vedtek det, ved godkjenning av saklista.
4. Ingen representant får ordet meir enn 3 gonger i same sak. Taletida vert sett til 5 min første gong, 2 min andre og tredje gong, med unnatak for innleiingsforedraget og for representantar som har framlegg på saklista.
Dirigenten kan gjere framlegg om avvik frå dette i omfattande saker, t.d. Handlingsprogram.
Representantar som forlanger ordet til forretningsorden har 1 min taletid.
Dirigenten kan gjere framlegg om kortare taletid og strek for dei inntegna talarane.

5. Alle framlegg må leverast skriftleg til dirigenten, underskrivne med namnet til representanten og organisasjonsleddet. Tidlegare framlegg kan ikkje trekkast attende og nye framlegg kan ikkje settast fram etter at det er sett strek eller etter at saka er teken opp til votering. Framlegg kan berre gjerast i saker som står på saklista.
6. Alle vedtak og val vert avgjort med fleirtal av dei avleverte stemmene, med dei unntak lova fastset. Blanke stemmesetlar tel ikkje og vert rekna som ikkje avleverte.
7. Framlegg og vedtak vert ført inn i protokollen, med tal på avleverte stemmer for og i mot.
8. Protokollen vert gått gjennom og underskriven av 2 – to - valte representantar.

VEDTAK: Idrettskrinstinget godkjenner forretningsorden.
Samrøystes vedteke

1.4 Godkjenning av saklista.

VEDTAK: Idrettskrinstinget godkjenner utlagd sakliste.
Samrøystes vedteke

1.5 Val av dirigent.

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til val av dirigent: Reidar Sandal

VEDTAK: Idrettskrinstinget godkjenner framlegget til val av dirigent.
Samrøystes vedteke

1.6 Val av sekretærar.

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til val av sekretærar:

Ingrid Narum (tilsett ved idrettskrinsen sitt kontor)

Vara: Ingar Breilid (tilsett ved idrettskrinsen sitt kontor)

VEDTAK: Idrettskrinstinget godkjenner framlegget til val av sekretærar.
Samrøystes vedteke

1.7 Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen.

VEDTAK: Representanten: Hallvard Nygård, Sogn og Fj. Skikrins
Representanten: Kirstin Bruland, Førde idrettsråd
Samrøystes vedteke

2.0 Årsmelding 2014-2015

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

VEDTAK: Idrettskrinstinget godkjenner årsmeldinga for 2014-2015.
Samrøystes vedteke

Bakgrunn:

Idrettskrinsstyret la fram for tinget årsmelding for 2014-2015 til godkjenning.

Innleiing v/ leiar i idrettskrinsen, Nils R. Sandal.

Følgjande hadde ordet i saka:

Gunnar Harstad (leiar valnemnd), Nils R. Sandal (leiar idrettskrinsen), Synne Aafedt Liljedahl (klubb utviklar barne-/ungdomsidrett idrettskrinsen), Jan Magne Herstad (Sogn og Fjordane Orienteringskrins), Ola Bergheim (Sogn og Fjordane Vektløftarkrins), Terje Steinar Vallestad (NVBF Region Sogn og Fjordane), Thea Lunde Christiansen (fagkonsulent NIF, idrett for menneske med funksjonsnedsetjing), Inge Fænn (Sogn og Fjordane Skikrins), Jorodd Asphjell (styremedlem NIF).

Følgjande vert teke inn som rettingar i Årsmelding 2014-2015:

- ✓ Idrettskrinsstyret summerer opp perioden, s. 17:
Under omtale av dei fire etablerte kompensasjons- og tilskotsordningane blir det lagt til kva desse er. Lokale aktivitetsmidlar, momskompensasjon idrettsanlegg, momskompensasjon varer og tenester, og grasrotandelen.

3.0 Rekneskap 2014-2015

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

VEDTAK: Idrettskrinsstinget godkjenner framlagd rekneskap for 2014-2015.
Samrøystes vedteke

Bakgrunn:

Rekneskap for 2014-2015 er tekne inn i årsmeldinga.

Idrettskrinsstyret syner til meldingar frå tilsett revisor og kontrollkomiteen, tekne inn i årsmelding.

Anne Leversund (org. sjef idrettskrinsen) la fram rekneskapen for 2014-2015.

4.0 Revisjon

4.1 Engasjere revisor.

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

VEDTAK: Idrettskrinstinget gir idrettskrinsstyret fullmakt til å engasjere statsautorisert/registrert revisor til å revidere idrettskrinsen sitt rekneskap.
Samrøystes vedteke

Bakgrunn:

I følgje NIF-lov § 5-9, pkt. g og SFIK - lov § 14 pkt. (1), skal idrettskrinstinget engasjere statsautorisert/registrert revisor til å revidere idrettskrinsen sitt rekneskap.

4.2 Fastsetting av revisor sitt honorar.

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

VEDTAK: Idrettskrinstinget gir idrettskrinsstyret fullmakt til å fastsette revisor sitt honorar.
Samrøystes vedteke

5.0 Innkomne saker

5.1 Lovsaker

5.1.1 Endring i Lov for Sogn og Fjordane idrettskrins som følge av vedtak på Idrettstinget 2015.

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

VEDTAK: Idrettskrinstinget gir idrettskrinsstyret fullmakt til å oppdatere idrettskrinsen si lov i samsvar med vedtak på Idrettstinget 2015 og Idrettskrinstinget 2016 si handsaming av saka.
Lova skal sendast Norges idrettsforbund for godkjenning.
Samrøystes vedteke

Bakgrunn:

Idrettstinget 2015 gjorde ei rekkje vedtak om lovendringar. Det vart også gjort vedtak om endringar som må takast inn i idrettskrinsen si lov. Lovendringar som følgje av endringar i NIF si lov, trer i kraft straks. Lovendringar vedtekne av idrettskrinsen sjølv trer ikkje i kraft før dei er godkjende av Idrettsstyret eller den Idrettsstyret gir fullmakt.

6.0 Handlingsplan og langtidsbudsjett 2016-2020

Idrettskrinsstyret si innstilling:

Idrettskrinstinget vedtek Handlingsplan 2016-2020 og ber idrettskrinsstyret, særkrinsar/regionar, særiddrettar, idrettsråd og idrettslag følgje opp hovudutfordringar, hovudmål og delmål i planen. Langtidsbudsjett 2016-2020 blir lagt til grunn for det vidare arbeidet.

VEDTAK: **Samrøystes vedteke**

Bakgrunn:

Idrettskrinsstyret legg fram handlingsplan med langtidsbudsjett for tingperioden 2016-2020.

Handlingsplan 2016-2020 er nedfelt med utgangspunkt i programerklæring, idrettspolitiske føringar og mål i **Idrettspolitisk dokument 2015-2019 (IPD)**.

IPD er ein felles plan og skal vere styrande for heile norsk idrett.

IPD definerer eit felles planverk og planhierarki med strategisk plan, felles utviklingsplanar for særforbund og idrettskrinsar, og handlingsplanar på krinsnivå.

Denne felles handlingsplanen for idrettsorganisasjonane i Sogn og Fjordane legg retninga og mål på fellesidrettslege innsatsområde i organisasjonsledda sitt arbeid med å vidareutvikle og styrke idrettstilbodet for medlemmane.

Ved å løfte saman på tvers av arbeidsdelinga i idretten, kan vi betre løysc ut den beste innsatsen som gir vekst og utvikling for idrettsaktiviteten i fylket.

Saman skal vi gjere vårt beste for å skape trygge oppvekstmiljø og vennskap, yte aktivitetstilbod etter ønskje frå medlemmane og spreie idrettsglede.

I framlegget til Handlingsplan 2016-2020 har idrettskrinsstyret lagt opp til at idretten i Sogn og Fjordane set særleg fokus på ungdomsidretten, flest mogleg – lengst mogleg, ein verdibasert idrett og god samhandling på tvers av organisasjonsledda.

Innleiing v/ leiar i idrettskrinsen, Nils R. Sandal.

Følgjande hadde ordet i saka:

Ruth-Sølvi Helland (styremedlem idrettskrinsen), Thea Lunde Christiansen (fagkonsulent NIF, idrett for menneske med funksjonsnedsetting), Aud Kari Isane (styremedlem idrettskrinsen), Lilly Schøyen (styremedlem idrettskrinsen), Arve Heimdal (nestleiar idrettskrinsen), Ola Bergheim (Sogn og Fjordane Vektløftarkrins), Trine Ludvigsen Rygg (Studentspretten IL), Christoffer Honningsvåg (Sogndal idrettsråd), Martine Viken (NVBF Region Sogn og Fjordane), Rune Sunde (Sogn og Fjordane Fotballkrets), Jan Magne Herstad (Sogn og Fjordane Orienteringskrins), Dina Kristine Skare Mølmen (Sogndal idrettsråd), Terje Steinar Vallestad (NVBF Region Sogn og Fjordane), Ola Bergheim (Sogn og Fjordane Vektløftarkrins), Morten Mortensen (Norges Håndballforbund Region Vest), Nils R. Sandal (leiar idrettskrinsen), Ola Bergheim (Sogn og Fjordane Vektløftarkrins).

Framlegg til endring frå Trine Ludvigsen Rygg (Studentspretten IL):

Punkt 6. Prioriteringar, (s. 110) vert endra til:

Legge til eit nytt punkt: Bli det mest attraktive treningstilbodet for vaksen.

Punkt 8. Idrettsmål (s. 112) vert endra til:

Legg til nytt underpunkt:

Vaksenidrett.

Mål:

Idrettslaga og særkrinsane/regionane legg til rette for eit variert og inkluderande idretts- og leiartilbod for vaksne.

Boble: «Vi er opptekne av at vaksne har eit idrettsfellesskap»

Delmål:

- utøvarane er i eit idrettsmiljø prega av utviklings- og meistringsorientering i tråd med Olympiatoppen sine tilrådingar
- idrettslaga og særkrinsane/regionane stimulerer til kompetanseutvikling, læring og samarbeid

Vedtak: Samrøystes vedteke

7.0 Val**Valnemnda sitt framlegg:**

Innleiing v/Gunnar Harstad, leiar i valnemnda.

7.1 Idrettskrinsstyre:

Verv	Namn	Stad	Idrettslag	Ny/ Attval
Leiar:	Nils R. Sandal	Byrkjelo	Breimsbygda IL	Attval
Nestleiar:	Arve Heimdal	Jølster	Stårheim IL	Attval
Styremedlem:	Ruth-Sølvi Helland	Florø	Florø Sportsklubb	Attval
Styremedlem:	Lilly Schøyen	Sogndal	Sogndal IL	Attval
Styremedlem:	Martine Viken	Viksdalen	Viksdalen IL/Førde VBK	Ny
1. varamedlem:	Ingrid Heien	Sandane	Gloppen HK	Attval
2. varamedlem:	Stian Grimseth	Naustdal	Tambarskjelvar IL	Attval

Samrøystes vedteke**7.2 Kontrollkomite**

Verv	Namn	Stad	Idrettslag	Ny/ Attval
Medlemar:	Terje Gjertsen	Førde	Førde IL	Attval
	Björg Eikum Tang	Sogndal	Sogndal IL	Attval
Varamedlemar:	Ann Kristin S. Vindheim	Førde	Førde IL	Attval
	Terje Steinar Vallestad	Viksdalen	Viksdalen IL	Attval

Samrøystes vedteke**7.3 Representantar til idrettstinget**

Framlegg til

VEDTAK: Idrettskrinstinget gir idrettskrinsstyret fullmakt til å nemne opp representantar til Idrettsting og eventuelle ekstraordinære Idrettsting.

Samrøystes vedteke**7.4 Valnemnd til neste Idrettskrinsting****Idrettskrinsstyret sitt framlegg:**

Leiar: Magne Knudsen, Årdalstangen IL
Medlem: Siss May Edvardsen, Tambarskjelvar IL
Medlem: Jorunn Åsfrid Røyrvik, Vik IL
Varamedlem: Sindre Roska, Førde VBK

Samrøystes vedteke

8.0 Fråsegn

FRÅSEGN – LANDSLINJE FOR LANGRENN OG SKISKYTING I STRYN

Idrettskrinstinget gjev full støtte til arbeidet med å etablere ei landslinje for langrenn og skiskyting i Stryn.

Det politiske vedtaket om nedlegging av idrettslinja ved Stryn vidaregåande skule er beklageleg for Sogn og Fjordane idrettskrins v/ Idrettskrinstinget, når ein ser kva som er bygd opp av kompetanse og anlegg med stor fylkeskommunal støtte over tid.

Fylkeskommunen har i mange samanhengar gått inn med økonomisk støtte, m.a. med den grunngjeving at det skaper merksemd.

Få har vel skapt større merksemd enn nettopp utøvarane med bakgrunn i idrettslinja ved Stryn vidaregåande og skianlegget Ullsheim i Markane.

Alternativet til tilbodet i Stryn er at dei beste utøvarane reiser til skular på Austlandet. Dei lokale miljøa blir utvatna, og dei nest beste vel andre utdanningstilbod og legg skia på hylla. Dermed har ein valt ei løysing som byggjer ned utviklingsmoglegheitene innan idretten, i staden for å bygge opp.

Også i dag er det utøvarar som vel tilbod på Austlandet, men ved å etablere ei landslinje vil endå fleire utøvarar bli i heimefylket, medan dei fullfører vidaregåande skule. Det vil truleg også auke sjansen for å flytte heim seinare.

Med dagens politiske system står fylkesgrensa til Møre og Romsdal som ein usynleg «mur» mellom utøvarane. Ullsheim er treningsstaden for utøvarar frå Volda, Ørsta og indre Sunnmøre. Til tider også Molderegionen.

Ved å få i stand ei landslinje vil ikkje fylkesgrensa vere til hinder for at desse ungdomane kan få eit samla trenings- og utdanningsmiljø knytt opp mot den kompetansen som alt er utvikla ved Stryn vidaregåande og anlegget som er bygd opp i Markane.

Trenarkompetansen finst fortsatt ved skulen, men denne vil truleg forsvinne om tilbodet ikkje kjem tilbake innan 2016-2017.

Sogn og Fjordane idrettskrins v/ Idrettskrinstinget støttar arbeidet med å etablere ei landslinje for langrenn og skiskyting i Stryn.

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

VEDTAK: Idrettskrinstinget støttar fråsegna.

Samrøystes vedteke

Bakgrunn:

Sogn og Fjordane Skiskyttarkrins og Sogn og Fjordane Skikrins kom med innspel til styret i idrettskrinsen til fråsegn om landslinje for langrenn og skiskyting i Stryn. Idrettskrinsstyret la fram fråsegna for Idrettskrinstinget.

IDRETTSKRINSTINGET 2016

9. april 2016

Utmerkingar:

Prisen «Årets frivillig i fylket - Idrettsnamnet 2016» vart delt ut til Elisabeth K. Vindfell frå Eid Symjeklubb.

Idrettskrinsstyret vedtok at årets pris skulle delast ut til ein frivillig under 26 år, med bakgrunn i at 2016 er idretten sitt ungdomsår.

40-års idrettsmerke m/ NIF-diplom: Aslaug Thingnes Bø, Stryn Turn og Idrettslag
Else Tystad, Fjellhug/Vereide IL

50-års idrettsmerke m/ NIF-diplom: Ståle Mulehamn, Svelgen Turn og Idrettsforening
Nils Haugen, Hornindal IL


Følgjande vart takka med blomsterhelsing:

Aslaug Thingnes Bø, Klemet Bø, Reidar Sandal, Aud Kari Isane, Gunnar Harstad, Ingar Breilid, Thea Lunde Christiansen, Synne Aafedt Liljedahl, Ingebjørg Erikstad, Nils R. Sandal, Arve Heimdal, Ruth-Sølvi Helland, Lilly Schøyen.

Før opninga av Idrettskrinstinget var det innslag frå Florø Taekwondoklubb. Etter lunsj var det innslag frå Friskis & Svettis Florø.

Nils R. Sandal takka tingforsamlinga og heva tingsetet.

Idrettskrinstinget 2016 vart heva kl. 16.27 laurdag 9. april 2016.


Hallvard Nygård


Kirstin Bruland